



## Statens vegvesen

### Notat

Til: 3 Postmottak Region vest  
Kristian Bauge

Fra: Bompengeforvaltning

Kopi:

Saksbehandler/telefon:  
Konstantin Stensbak-Friesen / 41104865

Vår dato: 16.02.2018

Vår referanse: 17/17796-118

### Takstvedtak for Førdepakken

Vegdirektoratet viser til notat av 30.01.2018 frå regionen, dokument 16/28476-203, der det blir søkt om nytt takstvedtak for Førdepakken.

Førdepakken blei vedteken gjennom Prop. 137 S (2014-2015) der det er rekna med ei gjennomsnittleg inntekt pr. passering på 18,7 kr i 2015-prisnivå. Omrekna til 2017-kr utgjør dette om lag 19,7 kr.

Innkrevjing av bompengar starta 3. oktober 2016. I tråd med takstvedtaket for Førdepakken (dok. 15/211988-52) blei det i september 2017 gjennomført ein gjennomgang av bompenginntektene i Førdepakken (dok. 15/211988-92). Statens vegvesen kom i gjennomgangen til at dei realiserte bompenginntektene i pakken var lågare enn føresett i fastsett finansieringsplanen, jf. Prop. 137 S (2014-2015). Det blei difor føreslått å auke takstane for takstgruppe 1 frå kr 26 til kr 30 og frå kr 47 til kr 54 for takstgruppe 2 for å nærme seg gjennomsnittleg inntekt per passering i tråd med føresetningane i proposisjonen, jf. tabell 1.

**Tabell 1: Ordinære bompengetakstar for Førdepakken i 2017-kr.**

	Takstgruppe 1	Takstgruppe 2
	Fullpris	Fullpris
Førdepakken	Kr. 30	Kr. 54

Forslaget om å auke takstane opp til fasett gjennomsnittstakst er lokalpolitisk handsama, og vedteken i Førde bystyre 28.09.2017 og i fylkestinget i Sogn og Fjordane 17.10.2017.

### Tilskot til reduserte bompengetakstar

Førdepakken er kvalifisert til å få tilskot for reduserte bompengetakstar. Tilskotet blir gitt årleg i innkrevjingsperioden med atterhald om Stortingets årlige løyving til ordninga. Målet med ordninga er å redusere gjennomsnittstaksten med minst 10 pst., samt å motivere bompengeselskapa til gjennomføring av bompengereforma gjennom å slutte seg til dei nye

regionale bompengeselskapa og å legge om takst- og rabattstrukturen i tråd med Prop. 1 S Tillegg 2 (2015–2016). Som følgje av tilskotet ble takstane likevel ikkje økt.

Tilskotet til Førdepakken er rekna til å vere 10 mill. 2017–kroner. Tilskotet skal nyttast til å redusere bompengetaksten med minst 10 pst.

Gjennomsnittleg takst for Førdepakken før tilskot er rekna til kr 19,5 kr. Ein reduksjon 10 pst. gjev ein gjennomsnittstakst på kr 17,5 kr. Takstane i tabell 2 er fastsett med utgangspunkt i den reduserte gjennomsnittstaksten. I praksis inneber dette at takstane for Førdepakken blir oppretthalden uendra i høve til gjeldande takster.

**Tabell 2: Reduserte bompengetakstar for Førdepakken i tråd med tilskotsordninga for bompengeprojekt på riksveg utanfor dei største byområda i 2017–kr.**

	<b>Takstgruppe 1</b>	<b>Takstgruppe 2</b>
	Fullpris	Fullpris
Førdepakken	Kr. 26	Kr. 47

Timesregel og passeringstak på 30 passeringer pr. måned for alle køyretøy med gyldig brikke og avtale vidareførast.

Dersom tilskotsordninga heilt eller delvis fell vekk, vil bompengeselskapa få moglegheit til å auke takstane til ordinært nivå, jf. tabell 1. Vegdirektoratet skal på vanlig måte godkjenne ein evt. tilbakesetting av takstane.

Takstvedtaket skal annonserast på vanleg måte. I annonseteksten skal det orienterast om at det er mogleg å klage på takstvedtaket, og at Samferdselsdepartementet er klageinstans.